

### **Utsleppsfrie eller fornybare løysingar for ferjer og hurtigbåtar**

Vestland fylke er ein stor brukar og kjøpar av ferje- og hurtigbåt-tenester. Om lag 25 ferjer og 10 hurtigbåtar. Gjennom anbudspolitikkk og innkjøpsregelverk er fylkespolitikarar med og sett krav ma på klimautslepp. Hordaland fylke har gått i tet på dette viktige arbeidet. Noko alle applauderer, men som ingen ønskjer å plukke opp rekninga for. Satsinga vil koste fylket om lag kr. 300 mill i året i driftsutgifter.

Dersom fylket åleine skal ta desse utviklingskostnadane, så vil to ting skje:

- Det vil gå ut over andre tilbod innanfor samferdsle, som vedlikehald og tal avgangar.
- Det vil gjere at fylker og kommunar kvir seg for, og ikkje tør å ta den økonomiske risikoen det er, å gå i front med å utvikle og å kreve ny teknologi for å få ned klimautsleppa.

I regjeringa sin politiske plattform frå Granavolden, står det både under samferdsel og klima- og miljø, at ein skal «stille krav om utlippsfrie eller fornybare ferje- og hurtigbåtanbud der det ligger til rette for det».

I intensjonsplanen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland står det i pkt 10, som eit vilkår for den nye regionen, at «eit eventuelt regionalt bestillaransvar for landsdekkande ferjeverksemd vert lagt til Vestland».

KrF meiner vi kan kople desse sakene, og gjere Vestland til ein pilot for utvikling og utprøving av ny utsleppsfri teknologi for ferje og hurtigbåt. I dette pilot-programmet må staten medverke i eit samarbeid med fylkeskommunen om pengar til både utvikling og drift, samt utvikling av berekraftig finansieringsmodell som sikrar at det offentlege, uavhengig av politisk nivå, går føre i det grønne skiftet.

KrF ber om at fellesnemnda arbeider vidare med initiativet.

KrF

Trude Brosvik, Pål Kårbø og Tom Sverre Tomren